

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim

JULEFRED I BARNESINN

Julefred i barnesinn
Det er Jesus som vil inn
Gud sin Sønn til verden sendte
Det var det som virkelig hendte

Der i stallen ble han født
Og krybben stille svøpt
Hvite engler dalte ned
Sang med fryd om julefred

Denne julefreden god
Var om Jesu liv og blod
Vet du hvorfor Jesus led –
For å gi oss evig fred

Når jeg med et barnlig sinn
tenker; Jesus du er min
Og i hjerte mitt ham takker
Da blir julefreden vakker

Borte – langt fra Gud vi var
Men i Jesus han oss nådde
da sitt ord i han oss sådde
Venter på et ærlig svar

Du og jeg forstår så lite
Men i hjertet kan vi vite
at det Gud i Jesus gav
får vi uten strev og kav

Audun Myksvoll

Kyrkjebakken nr. 9 – 2025 – julenummeret – årgang 54- Nytt stoff innan 16.januar



KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:

Stein Hugo Fykse	909 60 154
Kyrkjeverje Jostein Hauge	404 66 211
Organist Lyder Minde Janøy	930 52 962
Kyrkjetenar Gry Haukeland	413 08 558
Soknerådsleiar	
Helge Dyrkolbotn	416 62 610
Trusopplærar	
Amelie K. Storebø	483 57 027

Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Jostein Hauge,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal, Britt Rebnord,

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Framsidede av Konfirmantar:
Carsten Rasmussen

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og
plakat
for eventuelle endringar.

Laurdag 29.nov. kl. 18.00
Lysmesse

Søndag 30. nov. kl. 18.00
Julekonsert
med Hans Inge Fagervik og vener

Søndag 07.des.kl. 18.00
Julekonsert med Seniorkor,
Tirltunge og forsongargruppa

Fredag 12. des. kl. 18.00
Gudsteneste for alle

Søndag 21.des
Austrheim songlag har konsert
(eigen plakat)

Søndag 24.des kl. 14.30 og 16.00
Julafta gudsteneste

Søndag 25.des kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste
ved Stein Hugo Fykse

Søndag 11.jan kl. 12.00
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse

Søndag 25.jan kl. 19.00
Salmekveld



Ei julebøn frå biskopen

Ein gong fekk mor mi eit julekort som
begannte slik: "Kjære Jesus".
Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje
lenger kven avsendaren var. Men eg tenker
at han eller ho sikkert var vant til å be, og
fann ro og styrke i å be til Jesus.
Så i ei stille kveldstund med ein bunke
julekort framfor seg og tankane i flyt, var det
kanskje mest nærliggande å skrive nettopp
det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort.
Eg prøver å sende nokre frå meg også.
Eg synest det er fint å skrive til slekt og
vener om året som har gått, korleis vi har det
i familien, og kanskje også med ein refleksjon
over hendingar i verda som har gjort inntrykk
på oss. Til det siste vil det i alle fall vere
mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje
akkurat julebrev, men elles med mykje som
liknar dei breva vi sender i denne tida: Med
stor omsorg for mottakarane og med gode
råd for korleis ein skal leve saman i
trua på Jesus Kristus. Og ikkje minst: Med
overtydande glede og kjærleik til Gud som
har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus
Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå
Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner
han både kyrkjelyden og oss om barnet som
vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud
og som gav oss vona som gjer at vi kan få
del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg
og rår over folka, til han skal folkeslaga setja
si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med

all glede og fred i trua, så de kan vera rike på
von ved Den heilage andens kraft.
(Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie:
Kjære Jesus! For Jesus er vona vi har fått
del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit
rotskot. Barnet som kom til verda i mørke
og kulde er han som kom med frelse for alle
menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv
så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere
rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det
som er stussleg og lite, det vi tenkte små
tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan
tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor
attente til ein stad der det var håplust,
der livet var mørkt, der ein ikkje såg von
for morgondagen. Men midt i det som var
mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad
om det som skal kome som skulle vise seg å
gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det
nyfødde barnet augo og såg sine medmen-
neske med Guds blikk. Han kom med lyset.
Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året,
ville den vere slik:

Kjære Jesus, det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko, skal liv
bryte fram. Vi gler oss til du kjem. Vi treng at
du kjem. Amen.

Av biskop
Ragnhild Jepsen





“ULLA KRULLE, KAKEBAKE OG DEN USYNLIGE JULETYVEN”



Famileframsyning
v/Teaterkompaniet Grep

Kaland skule
1. desember - 17.30

Enkel servering - peparkaker og saft
GRATIS INNGANG

Arr. Austrheim folkebibliotek og FAU v/Kaland skule



Austrheim sokn

Gravlagde

118.11.2025
Kåre Martin Leikvoll f.1950

21.11.2025
Asbjørg Nelly Lohne f.1936



UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering: Kyrkjebakken kjem ut:

16. januar

28. januar

13. februar

25. februar

13.mars

25.mars

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1/4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM

